

SYN & SAK

Olav
Norheim

Norderhov

Valdreskvelven: Ei hending, ei segn og ein springdans som har vandra elvelangs i lang tid. Soga er no oppnøsta og springaren er komen tilbake til Ådalen, der han er rekonstruert og blir dansa på ny.

Valdreskvelven på ny

Langt sør i skogen går Begnadalen over i sump-Valdres eller Ådalen. Begna roar seg ned og vidar seg ut til Sperillen, og der ein stad ligg Hengslet. Der hende det noko dramatisk ein gong.

Det kan vera dramatisk nok å gifte seg, og ein forsmådd eks-friar i bryllaupsgarden gjer ikkje saka betre. Det var det som hende på Hengslet nordafor Nes i Ådalen i 1771. Garthusguten, spelemann og gamlekjærast til brura Kari Åmsrud frå Hedalen, dukka opp i bryllaupsgarden før brurefølget skulle roast over Begna til Vikar kyrkje på vestsida. Kanskje var Garthusen både full og sjalu på Tord Nubson frå Hengslet, han skal ha stilt seg med ein fot på kvar båttri i farkosten der brura sat, ståande vaglande spelande på ein gamal slått mens han krenge båten frå side til side.

Detta kunne aldri gå bra, og det gjorde det ikkje heller. Fullt av folk i båten, båten kvelva, mange folk i elva, og etter det dei seier drog Garthusen med seg ho Kari ned i elvedjupet. Kari kom seg opp att, ho flaut vel på understakkane, men Garthusguten og åtte andre drukna. I folkeminnet flyt fela opp att og inn til land og spelar då ein trist melodi tå seg sjølv, som får namnet Hengslelåtten. Trygve Bolstad spelar den på cd-en sin «Aleis».

Ein munter spelemann frå Hønefoss, Per Erik-Berge, presenterer no både segna og notane i eit hefte han og Erik Nystrand har laga: *Ådalsmusikken. Låter frå historiens tussemørke og litt til...*, eit hefte med nye og gamle melodiar og tekster frå Ådalen. Saman med elvesongar Tore Simarud utgjer karane trioen Elvelangs. Elva, det er Begna.

Fordi båten kvelva, vart slåttan som Gart-



husen spelte, heitande Valdreskvelven. Eit anna namn er Kjeringskjegla. For det var no ei kjerding dei to karane hadde kjekla om. Lang tid seinare vart slåttan Valdreskvelven opphav til namnet på eit spelemannslag for Øvre Valdres. Ein kar nordi Slidre vart då sjølv sagt kalla Valdreskvelven fordi han vart med i det nye spelemannslaget. Kunstens kår er tronge. I dag er Valdreskvelven eit spelemannslag i Vang med faste øvingar og eiga heimeside.

Korleis spelemannslaget Valdreskvelven fekk namnet, fortel Knut Hemsing om på nettsida www.valdreskvelven.no: «Fyrste dagadn i mars 1962 vart det kalla inn te eit spelemannskurs på Ølken i Slidre – o med Sigbjørn Bernhoft Osa so instruktør. ... På desse kurse va det 10 eleva, 5 ifrå Vang o 5 ifrå Slidre. Fleire tå læresveino hadde nøk helde i felun før, o spelt lite både te dans o anna. Ner no både instruktør o eleva gjekk inn i leiken med fulle muggo, so laut det ende bra. – O det gjorde det då okso. – Den 7. mars 1962 vart laget stifta. ... Men, det er so øfto det melle se eit men, - slek var det her ogso. – Laget måtte ha eit navn so passa. – Det vart fundering i det vie o breie o inkji

noko resultat. Då var han Sigbjørn snøgge te o ta fela o tonad'n tå dei gamle velkjende springarare: Valdreskvelven fløynde ut. No var det ingen so va i fundering lenger, - nøtte var knekt, - o laget hadde fått eit gøtt navn: Valdreskvelven Spelemannslag.»

Valdreskvelven har vorte eit fenomen uti Ådalen også no, både springaren og soga. Som Per-Erik Berge skriv: «I Ådal sviver lettbeinte jenter til Valdreskvelvens tre-takt, mens guttene fører ledig. Det som foregår? Det danses Ådalspringdans, slik man mener den må ha vært». Saman med Mari Kvissel Ohren og Ellen Gilhuus var Per-Erik Berge instruktør for skuleelevar i Ådalen sist vinter. Han og Trygve Bolstad driv og pønskar på om dei kan framføre noko med dans og musikk ut av Hengsle-tildragelsen frå 1771. Ein Valdreskvelvkveld med inkludert kvelving? God idé det. Begna er ei storscene. Men dei må ha på seg redningsvest viss dei skal kælve i elva.

Ein Valdreskvelv-kveld med inkludert kvelving? God idé det.